



Bergen Rørteknikk AS  
Leirvikflaten 23  
5179 GODVIK

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1470 - 19/3029

Saksbehandlar:

Bente Førland

Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:

29.01.2019

## Vedk. rørleggjarmelding - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Vi viser til rørleggjarmelding motteke 25.01.2019 med vedlagt situasjonsplan for tilknytning til offentleg vatn og avløp.

### **Rørleggjarmeldinga er ikkje komplett slik den ligg føre i dag.**

Når tekniske teikningar for bygget er klart, må det sendast inn ny rørleggjarmelding.

Vi sender faktura for tilknytingsavgift. Det er avtalt med byggesaksavdelinga at manglande godkjend rørleggjarmelding ikkje skal stoppa IG for bygget.

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup.

### **Vassmålar:**

Det skal monterast eigen vassmålar i bygget. Vassmålar får ein ved å venda seg til vatn og avløpsavdelinga på driftstasjonen.

### **Oljeavskiljar og feittutskiljar:**

Søknaden inneheld opplysningar om oljeutskiljar og feittutskiljar. Vi gjer merksam på at dette skal det leverast egne søknader på. Søknadskjema finn ein på heimesida til Lindås kommune og skal sendast inn elektronisk. Saksbehandlar er Linda Hammersvik Folkestad.

### **Ferdigmelding:**

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding. Ferdigmeldinga skal innehalde SOSI-fil med oppdaterte innmålingsdata. Vassmålar skal vera henta ut og registrert i vårt system. Det skal føreliggja godkjenning på etablering av olje og feittutskiljar. Det vert ikkje gjeve ferdigattest på bygget før ferdigmelding frå rørleggjar er godkjend.

**Gebyr:** Faktura for tilknytingsgebyr vert sendt til søkjar, og vi gjer merksam på at arbeidet ikkje skal igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Arne Helgesen  
avdelingsleiar

Bente Førland  
saksbehandler

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Region Nordhordland Helsehus Iks    Kvassnesvegen 23    5914    ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Bergen Rørteknikk AS    Leirvikflaten 23    5179    GODVIK